



Raudt



Vi har ein plan...

Raudt Høyanger sitt program for kommunestyrevalet 2019

raudt.no/hoyanger

Politiske hovudmål

Motarbeide auka forskjell mellom rikfolk og folk flest (klasseforskjellar). Kommunen kan f. eks.

- ▶ bremse auken i avgifter og eindelar
- ▶ gje fritak/reduksjonar til økonomisk vanskelegstilte
- ▶ la også sosialhjelpmottakarar behalde barnetrygda

Sentraliseringa må reverserast.

Kommunane må få tilbakeført meir av skatte- og avgiftskronene – og av verdiskapinga. Pengestraumen har lenge gått motsett veg – frå Distrikts-Noreg til storbyane, til byane sin «vestkant» og til utlandsinvesteringar.

Nytt stortingsfleirtal og Raudt på vippet! Den mørkeblå regjeringa, rikfolk si regjering, må ut ved stortingsvalet i 2021. Men det sentrumsorienterte AP må ikkje få blankofullmakt. Raudt vil stille krav om raudare og grønare politikk og utnytte ein vippesisjon.

Raudt vil skattlegge dei rike hardare. Det vil gje kommunane armlag til å auke grunnbemannninga i omsorgsyrka, halde fram med godt tilpassa undervisning, redusere klasseforskjellane, vedlikehalde kommunale bygg og gje tilsette gode arbeids- og lønsvilkår.

Oppretthalde Høyanger som eigen kommune – ta vare på nærleik til makt, velferd, kommunale tenester og opparbeidde gode

Styrke Høyanger kommune ved å

- ▶ bli føregangskommune på oppvekstvilkår, ungdomstilbod, kultur og omsorgsnivå
- ▶ bli den mest attraktive arbeidsplassen med tanke på arbeidsmiljø og andre vilkår
- ▶ bli tydelegare solidaritetskommune ved å ta mot asylsøkjarar og flyktningar, og å opprette venskapsrelasjon til Palestina
- ▶ få gjennomslag for bygging av hall B for å sikre Hydro-bemannning og ringverknader. Hydro har areal og eigenkapital – staten må styre og sikre vasskraft
- ▶ bygge ut rusbehandlinga ved Tronvik – bl.a. ved at Helse Vest sluttar å kjøpe slike tenester hjå private
- ▶ ha byggjeklare tomtar både til bustadhus og gjennomgangshusvære i heile kommunen
- ▶ oppretthalde Høyanger vidaregåande skule mot sentraliseringseren i eit gjeldstyngja Vestland



På kommunestyremøte i november 2017 utfordra Raudt ordføraren på kamp mot kraftekspor og EØS-overstyring og vi fekk heile kommunestyret med oss!
Foto: Geir Ivar L. Ramsli, Firda

Arbeidsplassar og miljø

- ▶ Bygg hall B! Regjeringa må sikre kraft til kraftkrevjande industri. Nei til auka kraftekspor, ACER-/EØS-diktat og Statkraft si profittmaksmering.
- ▶ Gjenreis jordbruksel! Gje statleg og kommunal støtte som monnar – prioritér små og utmarksbaserte bruk. Årsverk i jordbruksel må likestilla økonomisk og sosialt med andre yrkesgrupper.
- ▶ Støtt kampen for industrireising! Oljefondet må brukast innanlands – m.a. til alternative framtidsretta og «grøne» arbeidsplassar etter kvart som oljebørnane blir tømte.
- ▶ Foredle norske råvarer innanlands anten dei kjem frå vatn/vasskraft, jord, hav eller skog.
- ▶ Nei til vindkraft! Naturlandskapet blir øydelagt av vindturbinar og veganlegg. Det betyr uoppretteleg skade på miljø og friluftsliv, og auka kraftekspor.
- ▶ Nei til tørrlegging av vassdrag! Ta omsyn til miljø og naturoppleving – det finst andre verdiar enn kr og øre.
- ▶ Lukka fiskeoppdrett! Inga auke i oppdrett før miljøproblema er under kontroll. Næringer må etter leve motviljen i befolkninga og få frist på å lukke anlegga.
- ▶ Kloakkhandteringa må utbetrastr!
- ▶ Private avfallspllassar og skrot må bort! Kommunen må kartleggje og ta ansvar.
- ▶ Trygge kommune- og fylkesvegar!



Skulestrukturen blir uendra

Ikkje uventa vedtok kommunestyret torsdag at skulestrukturen i Høyanger kommune forblir uendra.

Frå avisa Ytre Sogn 15.5.19:

Vedtaket om å behalde alle skulane må bli ståande. Derfor har Raudt det med i programmet. Raudt v/ Randi Aven (t.v. på bildet) stilte tilleggsforslag som framheva verdien av å ta vare på delingstimane. Det fekk vi ingen med oss på, men vi gjentek det i programmet.

Ingunn Kandal, pensjonert lærar (t.h. på bildet), fekk i juni 2018 gjennom å utgreie forsøk med leksefrei skule og vil følgje opp dette. Ingunn har møtt for Randi i Oppvekstutvalet når ho måtte prioritere vernet som hovudtillitsvalt for Fagforbund-medlemane i Helse Førde.

Born og oppvekst

- Oppretthaldinga av skulestrukturen må stå ved lag – større klassar minskar kontakten lærar/elev og skulane er viktige samlingspunkt i bygdene
- Oppretthalde delingstimar, dele store klassar, lågare terskel for bruk av vikar
- Framhald i arbeidet for leksefrei
- skule gjennom utviklingssamarbeid mellom lærar og elev/foreldre
- Trafikktryggleik – fartsgrenser, synlege gangfelt, gangbruer m.m.
- Faste og heile stillingar – reduser vikarbruken
- Vedlikehald av eksisterande leikeplassar

Slå forsterka ring om Høyanger vidaregåande skule, når makt no blir flytta til Bergen

Helse, omsorg og sosial

- ▶ Individuelt tilpassa omsorg ved å gje reelle val mellom heimetenester og sjukeheimstilbod
- ▶ Ei grunnbemanning som gjev tid til meir omsorg enn mat, seng og stell
- ▶ Rusomsorg og psykiatritenester med meir lågterskeltilbod, differensierte tilbod, aktiviseringstiltak og bustader/bukollektiv med miljøarbeidrarar
- ▶ Rammer for individuell jobbstøtte (IPS) som hjelper menneske med psykiske lidingar og eventuell rusproblematikk til å komme i og behalde ordinært, løna arbeid
- ▶ Tiltak mot aukande fattigdom, ved at uføre og andre som treng det, får pensjonar og ytingar å leve godt av utan å måtte «gå på sosialen»

Offensivt arbeid for utvida rusbehandlingstilbod på Tronvik ved at Helse Vest reduserer kjøp av helsetenester hjå private selskap.

Kultur, idrett og folkehelse

- ▶ Fjell og utmark for miljø, menneske og til turliv – ikkje for vindkraft
- ▶ Universell tilgang til samfunnsfunksjonane
- ▶ Oppretthalding av bibliotekfilialane og opningstidene
- ▶ Vedlikehald av anlegg og tiltak for fysisk aktivitet
- ▶ Forsterka marknadsføring av Høyanger som den plassen i fylket der industri-/arbeidarhistoria er best ivaretaken og synleggjort



Kommunen som arbeidsgjevar

- ▶ Auke i grunnbemanninga ved fjerning av uønska deltid og små stillingar
- ▶ Tilby «en helsefremmende og meningsfylt arbeidssituasjon» slik arbeidsmiljø-lova krev
- ▶ Støtte rettferdige krav frå fagforeiningar og tillitsvalde
- ▶ Etablering av utviklante vidareutdanningstilbod for dei tilsette sin del – og for å kunne konkurrere med andre kommunar om arbeidstakarar

Ta Fagforbundet sine ord på alvor: «Fagforbundet ser på innføring av sekstimers-dagen som [...] en løsning på å få flere til å stå i jobb lenger»

Raudt er einig. Det er også eit viktig kvinnekrev som gjer at fleire kan jobbe heiltid. Raudt vil at kommunen skal gjere forsøk med 6-timars arbeidsdag.

Raudt har stått på:

- ▶ for at også sosial-hjelpsmottakarar skal få behalde barnetrygda
- ▶ for å dekke eigendelane til fysioterapi for kronisk sjuke med låg betalingsevne
- ▶ for sokelys på banda mellom kommune-politikk og privatinteresser
- ▶ for at folkevalde skal få meir detaljert innsikt i administrasjonen sine tal
- ▶ for framkunda utbetring av Olderdalen barnehage og lokala til opa omsorg
- ▶ for eit klart nei til kommunesamanslåing frå første stund
- ▶ for gratis livssynsnøytrale seremonirom på linje med kyrkjene
- ▶ for utvida opningstid på Ungdomskaféen og universell tilgang til Samfunnshuset
- ▶ for krav til arbeids-/lønsforhold der kommunen er eigar/medeigar eller kjøper tenester
- ▶ for ingen/redusert auke i foreldrebehandling og andre avgifter/eigendelar
- ▶ for at kommunale husleiger ikkje skal aukast opp til marknadsnivå
- ▶ for avgrensa kraftekspolt og mot at norsk energipolitikk skal underkaste seg EU/EØS
- ▶ for offentleggjering av hemmeleg-haldne avtalar og rapportar

FREDAG 13. MAI 2011

Ytre Sogn



—On det ikkje er komme opp eit 30-skilt for skoleslutt i juni skal vi gjøre ferdig dette og sette det opp til skulestart til hausten att, seier Einar Rysjedal (t.h.) og Arild Ullebø i Raudt Høyanger. I dag er nemleg fartsgrensa på denne vegen, som leier fram til Vadheim skule, 30 km/t.

Vil senke fartsgrense på skuleveg i Vadheim

Bildet viser korleis Raudt sin 3. kandidat Arild Ullebø og Einar Rysjedal fekk fart i sakene i 2011

- ▶ for opprydding ved innslaget til Høyanger-tunellen og andre «skrot-haugar»
- ▶ for reduserte politikargodtgjersler

Raudt har vunne nokre saker, men færre enn før. Fordi AP har hatt reint fleirtal? Nokre Raudt-forslag har fått verbal støtte, men gjennomføringa har vore så som så.

Når Raudt er misfornøgd med tempoet i gjennomføring, kan vi gjere som vi gjorde når redusert fartsgrense let vente på seg i Vadheim. Vi laga vårt eige 30 km-skilt, og sette det opp. Då blei det fart i saka.

Stem Raudt inn på fylkestinget i Vestland også!



Anders Hamre Sveen og Einar Rysjedal er Raudt Sogn og Fjordane sine fremste ved fylkestingsvalet (4. og 6. plass).

Dei to valde sjølve å ikkje stå høgare for å prioritere lokalt og kommunalt arbeid (Anders har 1. plass på Raudt Stryn si liste og Einar har 1. plass i Høyanger).

Listeplassane gjev deltaking i Raudt Vestland si utvida fylkestingsgruppe. Der kan vi kjempe fram at interessen og tenestene til innbyggjarane i Sogn og Fjordane må gjelde. For både Høyanger og Stryn gjeld dette m.a. å oppretthalde dei vidaregåande skulane våre. Raudt fryktar sentraliseringssamtøyt når «kjøtvekta» hamnar i Bergen.


Eit anna samfunn er mogleg

Raudt sitt mål er eit samfunn i likevekt med naturen, og der alle har likeverdige plikter og rettar. Alle skal yte etter evne og få etter behov – uavhengig av bakgrunn, hudfarge og kjønn. Dette er eit samfunn utan kvinneundertrykking, rasisme, stengde grenser og klasseforskellar.

I dag går utviklinga i motsett retning – miljø og natur går på kostnad av profitt, og klasseforskellane aukar. Raudt arbeider derfor for eit sosialistisk samfunn der fleirtalsinteressene har overteke styringa, med utvisking av dei kunstige forskellane mellom menneska som målet.



Raudt Høyanger si valliste 2019



1. Einar Rysjedal
2. Ingunn Kandal
3. Arild Ullebø
4. Randi Aven
5. Knut-Egil Ohnstad
6. Anne Marie Fimreite
7. Jarle Martin Håland
8. Hilde Raknerund
9. Hroar Kyrkjebo Kleiven
10. Anne-Britt Helleseth Skjerven
11. Egil Michael Haaland
12. Eli Gudvangen
13. Jan Sæbø
14. Elin Lysne
15. Magnar Wøien

16. Ida Vangsnes Hatlestad
17. Mathias Hatlestad Larsen
18. Inger Anette Vik Olsen
19. Per Martin Gudvangen
20. Ingunn Eikås
21. Sveinung Austrheim Kvist
22. Jodfrid Nordstrand Forthun
23. Thor Ullebø
24. Karen Elise Ramsli
25. Vidar Myren
26. Line Sofie Ueland
27. Lisbeth Dregelid

Kontakt: Einar Rysjedal, 992 41 276
eller gautekaten@online.no

**Vi treng di stemme – du treng vår stemme,
både i Høyanger kommune og Vestland fylke!**